

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 06.06.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Revidert nasjonalbudsjett 2018**

**ARKIVSAK:** 2017/522  
**STYRESAK:** **072/18**

**STYREMØTE:** **19. 06. 2018**

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Inntektene til helseføretaka blir justert med følgjande beløp i heile tusen kroner:

Endringar i inntektsramma for 2018 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2018 - sak 10/18 B	6 173 270	3 208 895	9 705 101	2 564 690	4 065 177	25 717 133
<b>Endringar revidert nasjonalbudsjett</b>						
Reduksjon pensjon	-44 200	-36 800	-89 700	-28 200	3 400	-195 500
Underdekning pensjon - bruk av reserve					-13 200	-13 200
Reversering av overførte legemidlar	-6 215	-3 284	-9 142	-2 759		-21 400
Sum endringar	-50 415	-40 084	-98 842	-30 959	-9 800	-230 100
Ny inntektsramme 2018 - RNB	6 122 855	3 168 810	9 606 259	2 533 732	4 055 377	25 487 033

Endringa i inntektsramma skal innarbeidast i rapporteringa pr. juli.

Endring i pensjonskostnad hos Helse Vest IKT, Sjukehusapoteka Vest og Helse Vest RHF blir handtert administrativt i eigen ekspedisjon innanfor ei samla kostnadsramme på kr 3,4 mill.

## Oppsummering

Regjeringa la i mai 2018 fram forslag til «Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjett 2018»(Prop. 85 S 2017-2018). Budsjettet blir vedtatt av Stortinget i slutten av mai månad.

Helse Vest legg med dette fram forslag til endring av inntektene til helseføretaka som følgje av redusert pensjonskostnad i 2018 og delvis reversering av overført løyving knytta til legemiddel.

Det blir her tatt atterhald for Stortinget sin behandling og avgjerd om revidert nasjonalbudsjett.

## Fakta

Denne saka omhandlar fordeling/justering av inntekter til helseføretaka som følgje av endringar som er vedtatt i Revidert nasjonalbudsjett. Dette gjeld følgjande poster:

- Pensjon – redusert basisramme som følgje av redusert pensjonskostnad
  - o Justering i driftskreditt til helseføretaka – blir stadfesta i føretaksmøte i juni.
- Delvis reversering av overførte legemiddel
- Protonsenter – oppdatert status

## Pensjon:

Nye berekningar for pensjonskostnaden i 2018 viser at kostnaden for dei regionale helseføretaka vil bli redusert med kr 1,1 mrd. i forhold til saldert budsjett 2018. Den reduserte kostnaden skuldast endringar i dei økonomiske føresetnadane som ligg til grunn for berekning av pensjonskostnad og betre avkastning på pensjonsmidlane i 2017 enn tidlegare føresett. I tråd med den etablerte ordninga for handtering av pensjonskostnader blir basisramma til dei regionale helseføretaka derfor redusert med kr 1,1 mrd.

Reduksjonen i inntektsramma til dei regionale helseføretaka blir gjennomført i tråd med inntektsmodellen. For Helse Vest inneber dette ein reduksjon i basisramma med kr 208,7 mill.

I følgje KLP sine berekningar vil helseføretaka få følgjande reduksjon/endring i sine pensjonskostnader i 2018:

Oppdatert berekning pensjonskostnad 2018 (Tal i heile tusen kroner)	Ny berekning jan 2018	St.prp. 1	Redusert pensjon
Helse Stavanger	618 500	662 700	-44 200
Helse Fonna	303 500	340 300	-36 800
Helse Bergen	1 068 300	1 158 000	-89 700
Helse Førde	231 600	259 800	-28 200
Sjukehusapoteka Vest	18 000	16 900	1 100
Helse Vest IKT	56 000	52 900	3 100
Helse Vest RHF	9 000	9 700	-700
<b>Sum Helse Vest</b>	<b>2 304 900</b>	<b>2 500 300</b>	<b>-195 400</b>

Helse Vest har praktisert ei ordning der ein handterer dei faktiske endringane i pensjonskostnaden overfor helseføretaka. Dette inneber at når kostnaden blir lågare enn det som låg til grunn for inntektsfordelinga blir det gjort ein tilsvarande reduksjon i basisramma til føretaka.

Inntektsreduksjonen frå Staten til Helse Vest er på kr 208,7 mill. medan den faktiske kostnadsreduksjonen er på kr 195,4 mill. Den negative forskjellen på kr 13,3 mill. blir føreslått dekkja av reserven i RHF-et. Dette inneber at reserven blir som følgjer:

Reserve i RHF-et i konsernbudsjettsaka	kr 115,4 mill.
Reduksjon som følgje av pensjon	<u>kr 13,2 mill.</u>
Justert reserve i RHF-et	<u>kr 102,2 mill.</u>

I statsbudsjettet for 2018 er det lagt til grunn ein pensjonspremie for dei regionale helseføretaka på kr 16,3 mrd. Anslaget for lønnsvekst i 2018 er redusert frå 3% til 2,8%. Dette medfører at anslaget for pensjonspremie blir redusert med kr 600 mill. til kr 15,7 mrd. Dei regionale helseføretaka sitt likviditetsbehov blir redusert tilsvarande.

Nettoeffekten av endringane i pensjonspremie og pensjonskostnad gir eit auka likviditetsbehov på kr 500 mill. Dette blir handtert gjennom ein tilsvarande auke i driftskredittramma, som då vil auke til totalt kr 683 mill.

Fastsetting av ny driftskreditt til dei regionale helseføretaka vil bli gjort i føretaksmøte, og endringar på helseføretaka vil dermed bli gjort administrativt med basis i vedtaket i føretaksmøtet.

#### **Delvis reversering av overførte legemiddel:**

Finansieringsansvaret for fleire legemiddel blei overført frå folketrygda til dei regionale helseføretaka i 2018. Ei av legemiddelgruppene som blei overført var legemiddel til behandling av alvorleg astma, der eit av legemidla (Xolair) i hovudsak blir nytta utanfor spesialisthelsetenesta. Legemiddelet oppfyller derfor ikkje dei krava som er gitt for overføring til spesialisthelsetenesta, og det er derfor føreslått at finansieringsansvaret blir tilbakeført til folketrygda. Basisramma til dei regionale føretaka blir derfor sett ned med kr 141 mill. og for Helse Vest inneber dette ein reduksjon i basisramma på kr 16,2 mill. Reduksjonen blir fordelt på helseføretaka i tråd med inntektsmodellen.

#### **Protonsenter – oppdatert status:**

Ved behandlinga av Prop. 21 S (2017–2018) blei det vedtatt å planlegge for to protonsentre. Det første senteret skal etablerast ved Radiumhospitalet ved Oslo Universitetssykehus, mens det andre senteret i Bergen innan 2025. I vedtak nr. 51 (2017–2018) av 4. desember 2017 ble Helse Vest gitt moglegheit til å forskottere senteret.

Det blei lagt til grunn at etablering av protonbehandling skal bli finansiert gjennom 30 pst. investeringstilskot og 70 pst. investeringslån. Helse Sør-Øst RHF og Helse Vest RHF blei bedt om å behandle vidareføring av prosjekta på bakgrunn av dei føringane

som ble fastlagt før endelig tildeling av lånerammer. Det blei lagt til grunn at vidare framdrift i prosjekta må bli handtert innanfor dei regionale helseføretaka sin økonomi og ansvarsposisjon.

Styra i Helse Sør-Øst RHF og Helse Vest RHF har nå vedtatt at dei ønskjer å vidareføre prosjekta i tråd med dei gitte føresetnadane. For 2018 er det ikkje nødvendig med ei tildeling utover allereie tildelt budsjetttramme. Tilskotet vil bli fordelt mellom dei to prosjekta.

På bakgrunn av dette er det føreslått ei låneramme på 1 324 mill. 2018-kroner og ei tilskotsramme på 567 mill. 2018-kroner til protonsenters på Radiumhospitalet. Allereie tildelte midlar kjem til fråtrekk frå statens tilskotsandel. Lån og tilskot vil bli utbetalt i tråd med prosjektet si framdrift.

Styret i Helse Vest RHF har bekrefta at prosjektet kan forskoterast og legg til grunn ei framdrift der senteret kan takast i bruk i 2024. Av RNB går det fram at utbetaling av lån og tilskot til prosjektet i Bergen vil følgje faktisk framdrift, og utbetalingsprofilen vil derfor bli lagt opp i tråd med dette. Basert på dette er det ikkje behov for forskotering frå Helse Vest/Helse Bergen. Det er føreslått ei låneramme på 907 mill. 2018-kroner og ei tilskotsramme på 389 mill. 2018-kroner til protonsenters på Haukeland. Allereie tildelte midlar kjem til fråtrekk frå staten sin tilskotsandel.

## Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at det blir gjennomført ein reduksjon i basisramma til helseføretaka i tråd med faktisk reduksjon i pensjonskostnad 2018 og delvis reversering av overførte legemiddel.

Dette gir følgjande samla endring i inntektene til helseføretaka for 2018:

Endringar i inntektsramma for 2018 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2018 - sak 10/18 B	6 173 270	3 208 895	9 705 101	2 564 690	4 065 177	25 717 133
<b>Endringar revidert nasjonalbudsjett</b>						
Reduksjon pensjon	-44 200	-36 800	-89 700	-28 200	3 400	-195 500
Underdekning pensjon - bruk av reserve					-13 200	-13 200
Reversering av overførte legemiddel	-6 215	-3 284	-9 142	-2 759		-21 400
Sum endringar	-50 415	-40 084	-98 842	-30 959	-9 800	-230 100
Ny inntektsramme 2018 - RNB	6 122 855	3 168 810	9 606 259	2 533 732	4 055 377	25 487 033